



LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 21.02.2018
Vår ref.: 2018/676-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Att. Nils Kaalaas

Varsel om kulturhistorisk synfaring i samband med etablering av landbruksveg gnr. 58 bnr. 15 - Lindås kommune

Vi viser til brev datert 17.01.2018 mottatt 22.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men området har typografiske trekk som gjer at det er potensial for steinalder. Det er difor naudsynt med ein synfaring før vi gjer endeleg fråsegn i saka. Ved synfaring vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.